



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: 954fe994-8ed9-4f3c-b6e7-36461df5727f

Vår: 21/3905 - 21/33257

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen

ketil.mikkelsen@alver.kommune.no

Dato:

18.05.2021

Løyve til avkørsel frå kommunal veg - gbnr 102/131 Vabø

Tiltak: Søknad om avkørsel til kommunal veg
Byggestad: Ørnetua 25 – GBNR 102/131
Tiltakshavar: Linda og Svein Andre Hindenes
Ansvarleg søkar: Majo Eigedom v/Magnus Johan Helgesen

Saka gjeld søknad om ny avkørsel frå kommunal veg.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om avkørsel til kommunal veg ved etablering av ny einebustad i Ørnetua.

Vurdering/drøfting:

Ørnetua er ein kommunal veg med fartsgrense 30 km/t. Siktzone på staden er 3x 20m. Avkørsel som det er søkt for, ligg i tilknytting til snuhammar i enden av den kommunale vegen. Av teikningane kan det sjå ut som om det er planlagt mur mot kommunal veg. **Det må ikkje settast opp mur høgare enn 0,5m i siktzone langs kommunal veg!**



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjev løyve til ny avkjørsel på gbnr 102/131 på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til ny avkjørsel frå kommunal veg på gbnr 102/131 på vilkår. Løyve er gitt med heimel i veglova §§ 40-43.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsel skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsel som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsel fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsel, sikt, svingradius, drenering under avkjørsel og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone skal være etablert ihht krav gitt i Vegnormal N100. Siktsone er satt til 3 x 20 meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av andre sikthindringar. Eigar/brukarane av avkjørselen skal, til ein kvar tid, halde siktsona fri for vegetasjon og annet som tek sikt i avkjørselen.
- Svingradius vert sett til $R = 4$ meter.
- Ved fall mot offentleg veg må avkjørsel byggast og vedlikehaldast slik at den ikkje leder overvatn og søle inn på offentleg veg. Avkjørselen bør, på dei to første meterane, ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 5 cm før vegen stiger.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i og ut i frå kommunal veg.
- Det skal, under avkjørselen, leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.

Alver kommune gjer merksam på at arbeid med utbetring av avkjørsel kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Line Merete Valle
Tenesteleiar

Ketil Mikkelsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ